

**KOLLEKTIV:** Scenebilete i «Hannah» er hakket meir nedstrippa enn vanleg, men tomrommet i stykket dirrer.

Verdensteaterets «Hannah» får verdshjerte til å pulsere:

# Tomrommet



Elin Høyland  
**TEATER**

## «Hannah»

Verdensteateret, Henie Onstad  
Kunstsenter, Ultimafestivalen

**Av og med:** Asle Nilsen, Piotr Pajchel,  
Eirik Arthur Blekesaune, Torgrim Torve,  
Niklas Adam, Janne Kruse, Ali Djabbari,  
Martin Taxt, Elisabeth Carmen  
Gmeiner, HC Gilje.

## MELDING

Verdensteateret sitt nye verk «Hannah» blir til ein seremoni over svunnen tid og tomrom, med feedback frå sine eigne ferdskrivarar.

**Denne gongen utan** Lisbeth Bodd som i 2014 etter premiera på verket «Broen over Gjørme», døde, og etterlot seg

eit stort, men lysande, tomrom i det norske og internasjonale scenekunstheltet, og utvilsamt i rammeverket for hennar eige livsverk; Verdensteateret.

Scenebilete som møter oss på Henie Onstad Kunstsenter i Bærum denne gongen er hakket meir nedstrippa enn vanleg. Eit langstrekt kvitt lerrett på bakveggen (eit nærast fast element i Verdensteateret sin scenografi, kor ulike visuelle innslag oppstår), fire stålstativ som kan likne låge og langstrekte «teltskjellett»; nær lerretet tre mindre filtskulpturar i sennepsgult, to av dei som

omvende paraplyar, og ein «Mad hatter»-flosshatt. Og heilt foran på scenegolvvet som er heildekt i aluminiumsfolie; to grå leirefigurar, som kviskrar Vietnam og Mekong-delta. Det er òg her førestillinga har henta sitt materiale, dels frå ei ny reise gjort i 2016, dels i dialog med første reise til same området som danna grunnlaget for førestillinga «Louder» frå 2007. Kanskje derfor er det fire ferdskrivarar plassert sentralt i scenerommet. Eit

symbol på både reise, minne og muligheten for repetisjon?

**Kunstnarkollektivet** Verdensteateret har sidan starten i Bergen i 1986 utvikla ein eigen signatur prega av ein likestilt dramaturgi kor det rituelle og naturnære går inn i ulike konstallasjonar med kulturelle og teknologiske tilstandar.

Arbeidsprossessen tek form som geografiske reiser med materialtilfang på mange nivå, og ein grunnleggjande

**TEATER**  
&scene

tem». Det er òg når dette elektroniske feedback-systemet kjem på i visuell form på det kvite lerretet, at hjarte i verket opnar seg. Sirkklar i sand, beige, brunt, snev av oransje og svart; audiostøy møter visuelle kornpikslar i kaleidoskopisk form. Sirkklar som legg seg som treskiver dels over kvarandre i ulike storleiker og skaper harmoniske figurar. Gjennom sentrum av desse skivene veks det så eit lite hjul, innover, bortover, borande. Lager ein gang, ein kanal, ei ryggsøyle. Eg tenker nervesystem og buddhafigurar, sagbruk og tusen år gamle tre. Eg kjenner verdshjerte pulsere, varmt og utan mål og mening. Eit hjarte som toler gjennom boring.

**Meir verdslege** element preger resten av scenografien; tom høgblokk, slumaktig. Konstruksjon og havneområde. Folketomhet. To høgtalarrobotar med mjuke slagpinnar dunkar mjukt, dunkar hardt, det knitrar i

## «Du er invitert på ei audiovisuell reise»

ferdskrivarar, det vendes og snur på skurrande høgtalarar innpakke i filt. Filt. Den gule filten skaper varme, det finnes håp. Om ikkje ord for kor me eigentleg er akkurat no. Dei seks menneskeaktørane på scena snur på høgtalarane i det ein slags omsorgskoreografi; i takt, med mjuke, lyttande rørsler som høyrer suset av hav i ein radio som ikkje virker lenger. Ein mann står i flygespenn. To sølvpapirullar går over scena i sin fulle vertikale lengde, verdig ein Heddapris for beste skodespelartradisjon. Stativa fell saman, nye kjem inn, med pleksiglas i alle fargar. Knitring og tomhet, tang og plast. Assosiasjonane er mange, og som forma innbyr til; individuelle for oss som publikum.

**Verdensteateret lever** utvikl-samt vidare. Med Lisbet Bodd i ferdskrivarhjarde, og med partner Asle Nilsen i spissen for det som sett utanfrå kan opplevast som ein no nærast sjølvgåande organisme. Det er likevel noko med dette tomrommet her, og det dirrer i takt med tittelen, «Hannah». For der eg først leita etter meininga i dette ordet (som kan bety nåde, barmhjertighet og blomst) er det sjølvsaft ikkje kva den betyr, men kva den er, som er det vesentlege her; Hannah er eit palindrom, altså «eit ord, uttrykk eller tal som gir same resultat enten det leses fra høyre eller venstre (...) fra de greske ordene palin, 'tilbake' eller 'igjen' og dromos, 'bane' eller 'vei'», og der var vi, i noko støyande stille, i kontakt med noko uendeleg, *palindromisk*.


**Elin Høyland**  
ehoyland@gmail.com



**EGGERØYRE:** Alt kan brukast, og her er det pisking av egg drive av ein forbrenningsmotor.

FOTO: HARALD ØREN

# Alt kan brukast



Amund Grimstad  
**TEATER**

## «Garage»

Cirka Teater og Turnéteatret i Trøndelag, Black Box  
Av: Cirka Teater.  
Regi: Espen Dekko.  
Scenografi: Gilles Berger.  
Kostyme: Jenny Hilmo Teig.  
Komponist: Martin Smith.  
Med: Paal Viken Bakke og Gilles Berger.

## MELDING

Ei humoristisk reise inn i mekanikkens magiske verd, og ikkje utan overraskande vendingar.

Laurdag var det høgtideleg opning av det nye teaterhuset til Turnéteatret i Trøndelag (tidlegare Nord-Trøndelag Teater), sentralt plassert i Verdal.

Teateret hadde to opningsfram-syningar, og den første var også ein urpremiere i samarbeid med Cirka Teater i Trondheim. Dette kompaniet har gjennom ein dryg mannsalder utmerka seg med fysiske og særvisuelle produksjonar, og Gilles Berger har ofte vist seg som reine trollmannen på sinnrik scenografi.

Det passa også spesielt godt å velje Cirka Teater og Berger til opningsfram-syninga, ettersom den kunstnarlege utsmykkinga av nybygget var eit bokstaveleg

talt grenseprengjande kunstverk signert nettopp Gilles Berger.

Og det er nettopp det grenseprengjande og magiske som Berger er ein ekspert på. Til opninga av Gardermoen flyplass laga han ei framsyning der tyngdekrafta blei oppheva og koffertar flaug gjennom lufta. Jamvel om vi veit at han lurar oss, likar i alle fall eg å bli lurt når det skjer på dette viset.

I «Garage» spelar Berger sjølv, og ettersom det er mye mekanikk som skal

fungere, er nok dét lurt. Med seg har han Paal Viken Bakke, og dei er to uvanleg leikne og kreative mekanikkarar. Dei held til i ein garasje eller eit lager av alt moglege gammalt mekanisk skrot. Som ein Espen Oskeladd går dei på oppdagingsferd i rotet, finn eitt og anna, og er like entusiastiske same kva dei kjem over.

I ei framsyning utan dialog tek dei oss med inn i gjenbrukens og mekanikkens verd der det meste kan nyttast, og til alt anna enn det var tiltenkt, og der ei høne, nokre egg, gamle

motorar, pressluft, gassbrennarar og conveyor-band kan by på både lun humor og store overraskingar.

Regissør Espen Dekko lar dei to ta seg god tid, og det er befriande å oppleve ei humoristisk oppsetjing som

stoppar opp og dveler slik at vi kan nyte alle detaljane, i staden for å haste vidare frå poeng til poeng. Framsyninga er ein hyllest til undringa og kreativiteten der inga oppgåve er for lita til å bli løyst omstendelig og grundig. Dei to utfyller kvarandre godt, og jamvel om her ikkje er dialog, er

kommunikasjonen mellom dei likevel tydeleg.

Med så mye mekanikk kan det meste gå gale, og gjer det også. Eller?

Gilles Berger er ein luring som likar å lage uforklårleg magi. Denne gongen byr han også på lureri og overraskingar utan at eg skal røpe kva det er, men på premieren fekk han uventa hjelp som gjorde at det ei stund var uråd å vite kven som lurte kven.

I mekanikkens fascinerande verd kan alt skje, og i denne poetiske fram-syninga som passsar for alle dei som framleis har barnets undring i seg, er det meste moglege.

**Amund Grimstad**  
amund@amund.info

«Framsyninga er ein hyllest til undringa og kreativiteten»

FOTO: FRA VERDENSTEATERET.NO

tillit til den «viten» materialet og teknologien som oppfanger dei, ber på. Ei førestilling med Verdensteateret kan opplevast frå eit utall innfallsvinklar og kunstdisiplinar; som musikk og støy, som billett-kunst og installasjon, performance og teater, menneskestyrt og maskinelt, i bøl-gjande, skurrande kontakt med både urtid og ny tid, kaos og fred. Menneskeaktørane på scena blir til medhjelparar for hovudaktørane; ulike «skrapgods»-objekt, elektroniske og mekaniske verkøyt og projiseringar. Du er som publikum invitert på ei audiovisuell objektstyrt reise, og inn i ein form for meditativ tilstand.

**Verdensteateret skriv** sjølv om «Hannah» at dei her vil «utforske ideer om geologisk tid og merksemdstrøytte ('attention fatigue')», og oppsummerer med: «There has never been so much past as there is right now», og at dei vil arbeide med dette gjennom «ein serie av detaljrike audiovisuelle komposisjonar, generert via eit elektronisk feedback-sys-